

Else Karin Bjørnestad  
Sætreviksmarka 16  
5917 ROSSLAND

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 21/2970 - 21/31413

Saksbehandlar:  
Kjartan Medaas  
kjartan.medaas@alver.kommune.no

Dato:  
07.05.2021

## Førebels svar med trong for tilleggsopplysningar - gbnr 357/1 Sætre

Tiltak: Søknad om deling  
Byggjestad: Gbnr: 357/1  
Tiltakshavar: Else Karing Bjørnestad

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 2903.2021.

### Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Naustformål i kommunedelplan for Meland (KPA) høyrer inn under areal for bygg og anlegg etter pbl. § 11-7 nr.1. I KPA er det i punkt 1.2.1 krav om at bl.a. søknad om deling skal inngå i reguleringplan før det kan gjevast løyve.

Det må derfor anten lagast reguleringsplan eller ein må søkje om dispensasjon frå punkt 1.2.1 i kommunedelplan for Meland for frådelling av 2 naustetomtar. Søknad om dispensasjon skal vera grunngeven og nabovarslast. Informasjon om dispensasjon finn du mellom anna på kommunen si heimeside; [Alver kommune - Dispensasjon](#)

2. Tomtane ligg innanfor byggjegrænse mot sjø sett i KPA. Det må derfor søkjast om dispensasjon frå pbl. § 1-8. «*Forbud mot tiltak mv. Langs sjø og vassdrag*».
3. Det må leggjast fram erklæring om rett til tilkomst til tomtane og rett til parkering. Skjema som kan nyttast finn du på Kartverket si heimeside: [Erklæring om rettighet i fast eiendom | Kartverket.no](#)

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 08.06.2021. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbagemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin

mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

**Sakshandsamingsfrist**

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

**Gebyr**

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande  
Avdelingsleiar

Kjartan Medaas  
avdelingsingeniør

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Else Karin Bjørnestad

Sætreviksmarka 16

5917

ROSSLAND